


Den store greia med språk



KJELL JOHAN SÆBØ

«**Språk er noko å tenkje med**» er overskrifta på eit intervju med tre språkforskarar i Tromsø, Curt Rice, Peter Svenonius og Marit Westergaard, i siste utgåva av Bladet Forskning i 2012. Svenonius blir der sitert på at språk *ikkje er godt*

eigna til kommunikasjon mellom menneske. Same Svenonius har i andre heftet av tidsskriftet Ottar i 2012 ein artikkel med tittelen «Språk er ikke skapt for kommunikasjon». Her går han imot det jamne synet at språket har si rot i behovet for å kommunisere, og fører i marka argumenta til Noam Chomsky for at det snarare var som ei evne til å tenkje i kompliserte banar at språkevna kom opp, og at kommunikasjonsmiddelet kom som ein bonus. Desse argumenta går nett på at språka våre kunne vore betre til å sende og ta imot budskap med enn det dei er.

utveksle enn til å gjere seg tankar med. Ein treng døme på ein regel eller ein talemåte som syner at her kunne språket vore betre til kommunikasjon, om berre regelen eller talemåten var litt annleis enn den er. Det dei især peiker på, Chomsky og Svenonius og andre kommunikasjonsskeptikarar, er ting som gjer at setningar blir fleirtydige. Vulgærversjonen av argumentet går slik (og det er den Berge reagerer så kraftig på):

«Skal eit system for kommunikasjon fungere bra, må språklege uttrykk vere eintydige. Kvar utsegn burde ha berre éi tyding, ikkje fleire. Men vi ser ofte det motsette når språk blir brukt. Språk er altså ikkje godt eigna til kommunikasjon.»

Dette er frå det tabloide intervjuet i Bladet Forskning, og det er for spist formulert. Fleirtydig kan mangt vere, utan at kommunikasjonsskeptikarane byggjer resonnementet sitt på alt. Punkt ein er at det må vere ei kjelde til mistyding. Mange uttrykk som i og for seg kan tyde fleire ting lausrive frå andre uttrykk,

Men eit slikt system ville kome i strid med kravet om grei prosessering, og det er tvilsamt om det ville vore liv laga. Truleg ville det fort sprengt arbeidsminnet vårt.

Eit anna går på det som kallast *kvantorrekkjevidde*. Setningar som (2) kan tyde to ting: at ingen liker å danse sving, eller at det ikkje er så at alle liker det. Svenonius skriv at det ville vere lett å greie opp med dette. Vi kunne sagt som så at det som står fremst, må ha vid rekkjevidde, så at *ikkje* berre kan få det om vi seier (3).

Fleirtydige uttrykk får som regel hjelp frå uttrykka ikring til å tyde berre éin ting.

(2) Alle liker ikkje å danse sving.

(3) Ikkje alle liker å danse sving.

Men: Det er ikkje alle kvantorar og adverb som er som *alle* og *ikkje*. Det er mange fleire der ute, som ikkje byd på same enkle utvegane for å greie ut rekkjevidda. Ta

adverbet sjeldan:

Dette er ikkje tankar som glir friksjonlaust gjennom hjernen. *Ka for slag* – skulle ikkje språket vere laga for å kommunisere med? Skulle ikkje kommunikasjon vere sjølve poenget? Så har det òg rørt opp sterke kjensler, dette, ikkje minst hjå Kjell Lars Berge, norskprofessor ved Universitetet i Oslo, som omtalte Svenonius sin «fullstendig forrykte påstand» slik på Facebook i desember: «At slikt tøv som at ytringer må vere entydige for at kommunikasjon skal være mulig, kan i det hele tatt hevdes av en professor i språkvitenskap er ganske ille.» På nettstaden salongen.no fall orda «humbug» og «sjarlataneri».

Samstundes er det noko opplivande over «forrykte» påstandar – eg blir nysgjerrig. Og når eg veit at Svenonius har kjent seg oversitert i det intervjuet, kan det vere grunn til å gjere det Berge ikkje nedlèt seg til: å gå etter *argumenta* i saumane.

Eigentleg er det to slag argument Svenonius har: sterke og svake. Dei *svake* går på at språk har trekk som *ikkje* er til *gagn* for kommunikasjon. Her peikar han på somme typar bøyning, så som kjønn og kasus, som han meiner ikkje er godt for anna enn å lære og lagre språket. Dette er omstridd nok, men det er dei *sterke* argumenta eg vil ta tak i – dei som går på at språk har trekk som er til *ugagn* for kommunikasjon.

Som kjelde nyttar eg artikkelen i Ottar, men òg det engelskspråklege blogginnlegget til Svenonius «Evolution of language» frå september i fjor på Universitetet i Tromsø sine nettsider. Her brukar han engelske døme, i Ottar-artikkelen norske.

Ja for det er døme det gjeld, når ein vil argumentere for at språka våre er verre reiskap til å

får som regel hjelp frå uttrykka ikring til å tyde berre éin ting. Såleis er dei inga kjelde til mistyding på ytringsplanet.

Ei anna viktig presisering er at det fleirtydige må vere unødvendig – for om det ikkje var nokon veg utanom fleirtydige setningar, så kunne ein sagt at språket var ein så god reiskap til å kommunisere med som noko kan ventast å vere. For argumentasjonen si skuld skal det vere lett å tenkje seg litt andre reglar eller talemåtar som ville gjort setningane eintydige utan å kome i strid med andre krav, så som økonomikrava om snar og grei artikulering og prosessering.

Det blir ein kjerne att i resonnementet frå kommunikasjonskeptikarane: Språket har såpass mange kjelder til mistyding som kunne vore tetta att, at ein må slå fast at det med kommunikasjon ikkje kan vere den store greia. Så spørst det da, om dette er rett eller gale. Og det er langt på veg eit empirisk spørsmål, der røyndomen kan gje svar, om ein granskar han grundig. Da kjem vi fram til døma Svenonius gjev.

Eitt går på pronomen.

Det å avgjere kva eit pronomen peikar attende på i ein tekst, er særst vanskeleg for ei datamaskin som skal skjønne språk. Det er ofte to eller fleire kandidatar. Difor nummererer vi pronomena

for datamaskina si skuld. Hadde språket vore utvikla for kommunikasjon, skriv Svenonius, så ville vi nummerert pronomena for vår eiga skuld òg:

(1) Kallen ein skjelte sonen to huda full for at han to hadde bytt ut traktoren tre. Han ein/totre var ikkje

(4) Eg amma mine til dei var over tre, og alle er sjeldan sjuke.

(5) Det er seks senger på rommet, men alle er sjeldan i bruk.

(4) vil vi tolke slik at *alle* har vid rekkjevidde, men med (5) er det omvendt. Den utvegen som kan kome på tale, er å seie

(6) ... det er sjeldan (at) alle er i bruk.

Da har vi sikra vid rekkjevidde for *sjeldan*. Men det er ein kostnad med dette: to ekstra stavingar. Enda meir kostbart ville det bli å eintydiggjere tilfelle som dette:

(7) Skiftarbeidarar kan få helseproblem. Difor kan ikkje alle jobbe skift.

(8) Det trengst mest arbeidskraft om dagen. Difor kan ikkje alle jobbe skift.

(7) vil vi tolke slik at *alle* har rekkjevidde over *kan*, men med (8) er det omvendt (ikkje har den vidaste rekkjevidda uansett). For å spikre (7)-tydinga, måtte vi sagt

(9) ... er det ikkje alle som kan jobbe skift.

Og da har vi *tre* ekstra stavingar. Så det er ikkje så enkelt å utrydde rekkjeviddedobbelmeiningar som Svenonius vil ha det til.

Eit tredje argument går på *berre* og virkefeltet til dette ordet.

(10) Eg trur at ho berre snakkar russisk.

Om språket brydde seg om å vere eintydig, ville det hatt ein regel som sa at om du trur at det berre er russisk ho snakkar, så måtte du sagt

*Det er noko opp-
livande over «forrykte»
påstandar – eg blir
nysgjerrig.*

(11) Eg trur at ho snakkar berre russisk.

Da kunne (10) vore eintydig: Eg trur at det berre er snakke ho gjer med russisk – ho *er ikkje* russisk. Men det ein overhøyrer når ein ser (10) som fleirtydig, er *uttalen*: Legg vi aksenten på *snakkar*, får vi éi tyding, legg vi den på *russisk*, får vi ei anna.

Eit siste argument går på at språk har tause tomrom, og det dermed kan tolkast inn både eitt og to tomrom i ei samansett setning:

(12) What did Mary say
(___) that Peter believed ___?

Det ville ha vore fullt mogleg, skriv Svenonius, å ha pronomen som klargjorde dette:

(13) What did Mary say that Peter believed [it]?

(14) What did Mary say [it] that Peter believed [that]?

Men i norsk får vi ikkje noka dobbeltmeining: Vi

seier anten (15) eller (16).

(15) Kva var det Marit sa at Peter trudde?

(16) Kva var det Marit sa som Peter trudde?

Så kunne det sjå ut, da, som at *engelsk* var kleint å kommunisere med. Men det ville vere ei forhasta slutning. For like viktig som å sjå etter kjelder til mistyding, er det å sjå at eit språk kan ha uttrykk som berre er der for å gjere ytringar *eintydige*. Til dømes såkalte polaritetsuttrykk, så som *some* og *any* nett i engelsk.

med.

(17) Neville almost always forgot to pack something.

(18) Nilus glemte nesten alltid å pakke noe.

(19) Nilus glemte nesten alltid noe når han skulle pakke.

Fordi engelsk skil mellom *something* og *anything*, er (17) eintydig – men omsettinga (18) har ei tyding til: den at Nilus mest kvar gong kom tomhendt attende til Galtvort. Torstein Bugge Høverstad løyste dette problemet med å skrive (19). Poenget

her er at (17) er eintydig einast på grunn av sonderinga mellom *something* og *anything*, og at denne sonderinga ikkje lèt til å ha annan funksjon enn å eintydiggjere setningar.

For kommunikasjonskeptikarar er det vanskeleg at slike uttrykk finst. Når vi òg har sett at det er lite hald i argumenta deira, blir det litt røyndomsfjernt å skulde språket for ikkje å vere så godt det kan for at vi skal skjøne kvarandre. Vi kan enno tru at språk er noko å snakke med folk med.